

Referat frå FAU møte Sund Ungdomsskule 15.10.2014

Val av leiar: Sølvi Bakke vart valt til FAU leiar. Annette Henden til nestleiar. Annette og Sølvi sit i SU/SMU. Arild Myren vart valt til sekretær.

Klassetur i 10 klasse: Plar vere ein tur for heile 10 klasse trinnet i løpet av 10 klasse. Denne turen er i regi av skulen. Turen har vore ulik frå år til år. I fjor reiste dei to dagar til Voss, elevane måtte betale ein eigenandel på 2300kr + dekke utgifter til aktiviteter sjølv. Det førte til at ein del elevar ikkje kunne delta på grunn av økonomi. Det kom det mange reaksjonar på. FAU hadde tema oppe på møte i fjor. Dei vart då einig om at pris måtte vera akseptabel og ikkje ekskluderande.

Skulen kunne tenkt seg at FAU arrangerer skuleturen. At FAU lager ei rutine for korleis pengeinnsamling skal gjennomførast. Og at det ligg eit fast opplegg for kva turen skal innebere, kor den skal gå, og kva kostnader. Det vert foreslått at for kvart trinn så ligg det rutiner for kva det trinnet skal gjere for å samle inn penger, og ca kor mykje ein kan forvente at kvart trinn får inn. Eksempel på dette kan vere at 8. trinn skaffar sponsorar til ein skulegenser, 9.trinn utfører dugnadsarbeid som varetelling og nedvask, medan 10. klasse har sal av div. og arrangerer ball.

Klasseturen skal ha ein pengepott, som skal fordelast på alle ungane på det trinnet som skal på tur. Det vert ikkje slik at klassane tener peng til eigen klasse, også om det er nokon som ikkje deltar vil dei få tilbod om tur.

Turar som skulen har hatt tidligare som til for eksempel Voss eller Geilo , har vore kostbare turar. Det er difor eit ønske om at turen kan gå fast til ein plass kvart år som for eksempel ein leirskule. Rektor sjekkar opp i om det er leirskular som tilbyr eit opplegg for ungdomsskuleelevar, for eksempel Dale Oen experience i Øygarden. Det er ikkje naudsynt at ungane reiser så langt, innhaldet er viktigare.

Til neste møte arbeider klassekontaktane på kvart trinn saman, og kjem med forslag til korleis det kan gjennomførast. På 8. trinn arbeider dei med skulegenser som tema, 9.trinn dugnad og 10. sal evt. anna.

FAU vedtekter: § 2 « ...medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt» . Det vert stilt spørsmål med kva det inneber at vi i FAU har medansvar. Det vert litt diskusjon rundt dette, utan at ein kjem fram til eit klart svar. Til neste gang sjekkar leiar og nestleiar oppi kor det kjem i frå, om det er tatt direkte frå FUG sine forslag til vedtekter.

§ 7 « taushetsplikt..». Diskusjon i plenum, der det er einigheit om at enkelt saker ikkje skal takast opp i FAU. Dersom FAU representantar vert kontakta av foreldre i forhold til enkelt saker, skal dei rettleiast vidare til rektor eller andre ved skulen. Dersom det handlar om eit problem som omhandlar miljøet på skulen, kan det takast opp i FAU. Dersom namn vert nemnd skal dette ikkje takast med i referat. I referat skal saker av sensitiv karakter berre førast opp som eit punkt utan nærare informasjon.

Sølvi skal sjekke med FUG om der fins ein mal for signering av taushetsplikt for deltakarar i FAU.

Rektor si rolle i FAU: Rektor kallar kvart år inn til første møte i FAU, og deltek på første møte. Vidare møter utover skuleåret så er rektor med på byrjinga av møta og er deretter tilgjengelig på kontoret.

Eventuelt:

Skuleskyss: Det har vore ein del problem med skuleskyssen, det gjeld spesielt bussen frå Klokkevik til Stranda. Kan skulen her vurdere nokre førebyggjande tiltak for å forhindre mobbing på bussen? Kan for eksempel eldre elvar få eit ansvar i forhold til det å sei i frå, kan MOT ha ei rolle i det? Rektor skal diskutere det vidare i lærarkollegiet.

Utbygging: Skulen skal byggjast ut og rehabiliterast for ca 33 – 35 millioner kroner. Det er enda ikkje heilt avklart kva som skal gjerast enda. Arbeidet skal startast opp sommaren 2015.

Nye møblar: Skulen vil få ein del nytt møblement til jul, pultar og stolar. Dette er uavhengig av utbygginga.

FAU møter skuleåret 14/15:

Neste møte : Tysdag 02.12.2014 – FAU har ansvar for å bistå elevråd med å skaffe vaktar til juleball. Dato for juleball ikkje avklart.

Vår 15: Tysdag 10.02.15 kl.18

Tysdag 14.04.15 kl. 18

Tysdag 02.06.15 kl.18

Annette Henden 05.11.2014